

# **SAKSFRAMLEGG**

---

Sakshandsamar: Susanne Støyle Alsaker  
Arkivsaksnr.: 18/3196

Arkiv: PLAN 2018003

**Reguleringsplan for Neshøgdi-omregulering, plan-ID 2018003.  
Plan- og forvaltningsstyret: 2. gongs handsaming.**

**Rådmannen si tilråding:**

I samsvar med § 12–10 , i plan - og bygningslova, vert det rødd til at Plan - og forvaltningsstyret gjer slikt vedtak:

1. Plan- og forvaltningsstyret sluttar seg til vurderingar og tilråding knytte til innkomne merknader. Merknadene frå Statens vegvesen og vilkår for godkjenning av fråvik frå Sogn og Fjordane fylkeskommune vert innarbeidd i planomtalet og føreseggnene slik som skildra i tilrådinga.
2. Plan- og forvaltningsstyret rår til at kommunestyret gjer slikt vedtak: «I medhald av reglane i § 12-12 i plan- og bygningslova, vedtek Luster kommunestyre reguleringsframlegg for Neshøgdi-omregulering, plan-ID 1426-2018003, datert 08.01.2019, som detaljreguleringsplan for området.»

## **Saksutgreiing:**

**Prenta vedlegg:** Reguleringsplankart datert 26.11.2018  
Reguleringsføresegner med planomtale datert 10.01.2019  
**Uprenta vedlegg:** Innkomne merknader

OBS: Merknader til planen som har komme inn før fristen 26. januar 2019, men etter skrivefristen til møtet, vert lagt fram i møtet.

## **Samandrag:**

Planarbeidet er ei omregulering av gjeldande reguleringsplan 2010005 Neshøgdi bustadfelt og omfattar delar av reguleringsplan 2004001 Orrhaug, Nes.

Bakgrunnen for planen er eit samarbeid med Statens vegvesen om å etablere ei busslomme på sørsida av fv. 55 og setje opp intensivbelysning på kryssingspunktet. Dette vil betre trafikktryggleiken for gåande. I samband med planarbeidet er krysinga av fv. 55 for mjuke trafikantar flytta lengre nord for å gje betre siktforhold. Plankartet er samstundes oppdatert til å samsvare med reell bruk av området i bustadfeltet.

Det vart varsle om oppstart av planarbeid tidleg oktober 2018. Reguleringsarbeidet vert utført av Luster kommune. Det vart søkt om fråvik frå vegnormalane for reguleringa av gangareal langs FV55, og dette er godkjent av Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Plan- og forvaltningsstyret vedtok i møte 04.12.2018, sak 69/18, å leggje planframlegget ut til offentleg ettersyn i tida 08.12.2018-26.01.2019.

Det har kome inn tre merknader til planen.

## **Utval som har vedtaksmynde:**

Mynde til utvalet er gjeve i følgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde: Kommunestyret jf. § 12-12 i plan- og bygningslova.

## **Fakta:**

Reguleringsplanarbeidet har som formål å legge til rette for etablering av ei busslomme på sørsida av fv. 55 og betre tilhøva for mjuke trafikantar. I dag stoppar bussen i vegbana i ei 60-sone med därleg sikt. I planframlegget er krysing av fv. 55 for mjuke trafikantar flytta lengre nord for å gje betre sikt enn eksisterande krysning, og det er regulert inn ein breiare gangveg. Luster kommune, ved plan, har sjølv utarbeida eit framlegg til ny reguleringsplan.

Planområdet er utbygt, og planframlegget er ei endring av gjeldande reguleringsplanar. Innhaldet i planomtalen og plankart er hovudsakleg basert på opphaveleg planarbeid. I utbygginga av Neshøgdi bustadfelt vart det gjort endringar frå reguleringsplanen frå 2011. Plankartet er oppdatert til å syne reell situasjon. Eit mindre areal i reguleringsplan for Orrhaug, Nes frå 2005 vart inkludert i planområdet for å syne eksisterande breidde på avkjørsel frå fv. 55 og veg til bustadfeltet.

Planområdet er på om lag 35 daa. Oppstart av planarbeidet vart varsle med brev til grunneigarane datert 04.10.2018, på kommunen si heimeside 05.10.2018 og ved annonse i Sogn Avis den 06.10.2018. Det kom inn fem innspel på varsel om oppstart av planarbeid. Det vart gjennomført ei synfaring den 12. november 2018 med aktuelle interessentar for å diskutere plassering av busslomme og tiltak for mjuke trafikantar. Innspel som kom fram på synfaringa og gjennom innsending vart vurderte og innarbeidde i planframlegget.

## **1.gongs handsaming i PFS**

Plan- og forvaltningsstyre vedtok å leggje planframlegget ut til offentleg ettersyn i møte den 04.12.2018, sak 69/18. Det vart samstundes vedteke at det skal arbeidast med å få på plass 50-sone og fartshump på strekninga i planområdet.

På møtet vart det diskutert moglegheit for undergang for mjuke trafikantar i planområdet. Det vart vurdert til at tiltaket undergang for kryssing av fv. 55 er svært krevjande både i høve areal og kostnader. Det manglar også finansiering til dette. Denne planen og tiltaket i planframlegget kan vurderast uavhengig av om det seinare skulle vere aktuelt å vurdere undergang.

### **Fråvik frå vegnormalen**

Det vart søkt om fråvik frå vegnormalane for reguleringsa av gangareal langs fv. 55, og søknaden vart godkjent av Statens vegvesen og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Statens vegvesen tilrådde ikkje ei rekkverksløysing inn i busslommene, men i området mellom busslommene. Den delen av gangarealet som får ei rekkverksløysing vert då ein gangveg og den må vere tilstrekkeleg brei til at det er mogeleg å handtere drift- og vedlikehald på ein effektiv måte. Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar tilrådinga og godkjenner fråviket det er søkt om. Det er ein føresetnad at dei skisserte avbøtande tiltaka i søknaden vert innarbeidde i planen.

**Tilråding:** *Dei avbøtande tiltaka vert innarbeidde i planen. Det er lagt til føresegner som set krav til fysisk skilje mellom fv. 55 og gangarealet slik at ein hindrar at mjuke trafikantar kryssar vegen på vilkårlege stadar. Det fysiske skiljet skal lede gåande til eit eigna kryssingspunkt.*

### **Merknader til planframlegget – offentleg ettersyn**

Planframlegget var lagt ut til offentleg ettersyn i tida 08.12.2018-26.01.2019.

Innsendar og merknad	Tilråding
<b>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 18.12.2018</b> Har ikkje avgjerande merknader til reguleringsendringa.	<i>Tatt til orientering.</i>
<b>Statens vegvesen 08.01.2019</b> Busslommene si lengde: SVV ser ikkje at det er opplyst om lengder/utforming av busslommene i planomtale/føresegner eller at det er talsett i plankartet. SVV forutset at busslommene er dimensjonerte i samsvar med vegnormal N100 etter utbetringstandard. Vi rår til at dette går fram av planen.  Frisiktsoner: SVV kan ikkje sjå at det er regulert inn frisiktsoner i krysset mellom fylkesvegen og o_V4. Vi ber om at det vert regulert inn frisiktsoner i plankartet.  Rekkefølgjeføresegn: SVV kan ikkje sjå at det er etablert rekkefølgjeføresegn som sikrar at nytt kryssingspunkt med tilkomst for mjuke trafikantar vert bygd saman med busslomma. Statens vegvesen vurderer det som uheldig dersom busslomma på sørsida vert bygd utan at	<i>Planomtale og føresegner vert i hovudsak endra etter merknadene til Statens vegvesen, sjå uteha tekster i gul farge i vedlegget «Reguleringsføresegner med planomtale».</i>  <i>Lengde og utforming etter vegnormalen N100 vert lagt til i planomtale og føresegner. Å talfeste utforminga i plankartet vert vurdert til å vere mindre leseleg.</i>  <i>Frisiktzone mellom fv. 55 og o_V4 var regulert inn i plankartet ved 1. gongs handsaming av planframlegget.</i>  <i>Det vert lagt til rekkefølgjekrav i føresegne om å opparbeide nytt kryssingspunkt og tilkomst for mjuke</i>

<p>ein på same tid byggjer tilkomst og ny kryssingsstad (som synt i reguleringsplan). Vegvesenet rår sterkt til at busslomma på sørsida og kryssingspunkt med tilkomst vert bygd samstundes.</p> <p><i>o_G2: SVV ynskjer at det vert vurdert moglegitetene for å kunne etablere o_G2 som ein gang – og sykkelveg med ein rabatt på 1,5 meter frå køyrevegen. Ved å få til dette vil ein i større grad tydeleggjere at gåande på nordsida av vegen skal krysse vegen då dei meir naturleg vil stille seg vinkelrett på fv. 55 ved ei kryssing. Dette vil og føre til at ein unngår fråvik på o_G2.</i></p> <p>Rekkverk: I utgangspunktet ynskjer ikkje vegvesenet å etablere rekkverk då rekkverk vil ta noko sikt i området. Rekkverka som er skissert inn vil gjera tilkomst for bussar vanskelegare, og denne løysinga kan ikkje nyttast i busslomma. Eit rekkverk vil og vera med på å gjere det vanskeleg med rasjonell drift av arealet.</p>	<p><i>trafikantar seinast samtidig som etablering av ny busslomme på sørsida av fv. 55.</i></p> <p><i>o_G2 vert liggande slik som søknaden om fråvik frå vegnormalen skisserer, og søknaden er godkjent frå Statens vegvesen og SFFK. Kommunen kan ikkje sjå at ein rabatt på 1,5 m vil endre gangåtferda og det vil gjere effektiv vedlikehald av areala vanskelegare. Det kan vere aktuelt å gjere ei mindre justering mellom formålsgrensene o_G2 og SVG, dersom ei byggemelding(?) syner ein breiare gangveg ved kryssingspunktet.</i></p> <p><i>Føresegn om rekkverk vert formulert slik at det vert eit fysisk skilje i form av rekkverk eller ledegjerde. Det fysiske skilje skal vere mellom busslommene slik som SVV tilrår.</i></p>
<p><b>NVE 11.01.2019</b> Informerer om at dei ikkje har motteke oppstartsvarsle om planarbeid.</p> <p>I regi av NVE er det gjennomført ei skredfarekartlegging i bratt terrenget for Luster kommune. Delar av området er vurdert med årleg sannsyn for skredfare på 1/5000 og 1/1000. Sjølv om skredfare er vurdert med lågare sannsyn enn kravet til tryggleik for bustader, rår NVE til at fareområda vert vist med omsynssone i plankartet med tilhøyrande føresegner.</p>	<p><i>Planområdet er allereie utbygd og omsyn til faresona er innarbeidd i arealformål slik at dette stettar krav til tryggleik for bustad. Vilkår til tryggleik for å nytte areala er difor oppfylt og ei omsynssone vil ikkje utgjere ein forskjell for bruk av området. Ei omsynssone er vurdert til å ikkje vere naudsynt for plankartet.</i></p>
<p><b>Magne Moen 22.01.2019 (munnleg merknad)</b> Ynskjer at det vert sett opp permanent gjerde mellom vegareal/gangveg og landbruksareal. Gjerde vil gjere drift av landbruksareal enklare med tanke på sauehald.</p>	<p><i>Gjerde er ikkje eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova og vert ikkje innarbeidd i føresegnene, men kort skildra i planomtala. I samsvar med vanleg praksis vert gjerde teken med i kjøpsavtale om grunn.</i></p>

### **Arbeid med nedsett fartsgrense ved kryssingspunkt på Neshøgdi**

Plan- og forvaltningsstyret vedtok ved 1.gongs handsaming av planframlegget at kommunen skal arbeide for å få 50-sone og fartshump på vegstrekninga, sak 69/18. Kommunestyre har i møte den 13.12.2018 vedteke at ein skal arbeide for å redusere fartsgrensa på kryssingspunktet i planområdet, sak 61/18. Dersom det ikkje let seg gjere, må løvvde midlar gå til reguleringsendring for undergang.

Luster kommune har i brev datert 09.01.2019 til Statens vegvesen søkt om nedsett fartsgrense på vegstrekninga til 50 km/t.

**Vurdering:**

Reguleringsplanen legg til rette for etablering av busslomme langs fv. 55 og betre sikt ved kryssing av fv. 55. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar vert ivaretaken ved å sette inn føresegner om fysisk skilje mellom gangveg og fv. 55 som leder gåande til kryssingspunkt.

Etter at planframlegget har vore ute til offentleg ettersyn har det kome inn to merknader til planen. Alle framlegg til endringar er vurderte og i hovudsak tekne omsyn til og innarbeida i planomtalen og føresegnene. Plankartet er uendra etter høyringa. Rådmannen ser på endringane i planomtale og føresegner som små, slik at det ikkje vert krav om ny offentleg utlegging av planen.

Ei kryssing av fv. 55 i plan stettar kriterier i vegnormalar frå statens vegvesen. Ei finansiering av evt. undergang må då skje av kommunen eller privat.

Kommunestyret har vedteke at om arbeid for nedsett fartsgrense ved kryssingspunktet ikkje fører fram, må løvvde midlar gå til reguleringsendring for undergang.

Eit vedtak av planframlegget vil ikkje vere til hinder for arbeid med ein reguleringsplan for undergang. Ei gjennomføring av tiltaket i planframlegget med å flytte kryssingspunktet vil skje i same område ein eventuell undergang kan vere aktuell. Det er difor lite sannsynleg at gjennomføring av ein undergang for kryssing av fv. 55 vert realisert dersom gangveg og nytt kryssingspunkt vert etablert.

Statens vegvesen rår til at nytt kryssingspunkt og gangveg vert etablert/må etablerast samstundes med ny busslomme, slik at tryggingstiltaket for mjuke trafikantar kan sjåast under eitt. Ei etablering av busslomme utan ny gangveg og kryssingsstad vil gjere tryggleiken for mjuke trafikantar langt därlegare, då store delar av rekkverket som leier mot kryssingspunkt i dag vert fjerna. Dette opnar for vilkårleg kryssing av fv. 55 og må unngåast.

Rådmannen rår til at planen vert sendt over til kommunestyret for endeleg vedtak med dei endringane i planomtalen og føresegnene som tilrådd over jf. vedlegga.

Det skal arbeidast vidare med å redusere fartsgrensa til 50 km/t forbi kryssingspunktet i planområdet.

Dato: 22.01.2019.

Jarle Skartun  
rådmann

Arne Ingjald Lerum  
plansjef

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til: